

September 2016

1.0 Budsjetteknisk

BUDSJETTEKNISK	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til å dekke avsk	127 456	129 767	-2 311	1 028 253	1 030 563	-2 311
ISF eigne pasientar	2 949	3 644	-694	26 697	29 958	-3 261
Andre øyremarka tilskot	1 807	1 860	-53	16 224	15 377	848
Andre driftsinntekter	-50		-50	39		39
Sum driftsinntekter	132 163	135 271	-3 108	1 071 213	1 075 898	-4 685
Kjøp av offentlege helsetenester	7 555	8 478	-923	65 377	76 306	-10 929
Kjøp av private helsetenester	300	345	-45	1 583	3 105	-1 522
Varekjøp	-0	630	-630	2 270	5 180	-2 910
Pensjonskostnad	-6 542	-6 542	0	-77 175	-77 175	0
Avskrivningar	7 988	8 429	-441	72 900	75 863	-2 962
Nedskrivningar	-	-	0	282	-	282
Andre driftskostnader	-273	2 329	-2 602	1 851	6 647	-4 797
Sum driftskostnader	9 028	13 670	-4 642	67 088	89 926	-22 838
Driftsresultat	123 135	121 601	1 534	1 004 125	985 973	18 153
Finansinntekter	153	117	36	1 381	1 050	331
Finanskostnader	93	270	-176	1 058	2 693	-1 635
Finansresultat	60	-153	212	323	-1 643	1 966
Ordinært resultat	123 194	121 448	1 746	1 004 448	984 330	20 118

Inntekter

ISF-inntekter eigne pasientar på budsjetteknisk er 50 prosent av DRG-verdien på dei pasientane som har vore behandla ved sjukehus i andre regionar. Lågare inntekter gjer at vi også har lågare kostnader.

Kostnader

Kostnader på kjøp av offentlege helsetenester inneheld både gjestepasientkjøp som ein del av ISF, og kjøp utanfor ordninga. For kjøp frå andre regionar innanfor ISF-ordninga betaler Helse Førde 80 prosent av DRG-verdien. Nettokostnaden for Helse Førde er 30 prosent av DRG-verdien. Totalt har Helse Førde per september kjøpt helsetenester for om lag 11 millionar mindre enn budsjettert.

Det er uklart korleis utviklinga blir framover. Særleg har det vore ein sterk vekst av behandling av pasientar busett i Sogn og Fjordane i Helse Bergen. Helse Førde har budsjettert med endra kostnader i samband med saka om overføring av behandlingsansvar for Gulen. Ettersom overføringa skjedde seinare enn venta, har det vore lågare kostnader på budsjetteknisk område og høgare kostnader i kirurgisk klinikk. Når det gjeld varekost har det ikkje vore grunnlag for kostnadsføring i september. Avskrivningar og rentekostnader er noko lågare enn venta. Det skuldast at vi så langt har gjort færre investeringar enn planlagt, samt ein betre likviditetssituasjon og lågare rentar enn venta.

2.0 Stab og støtte

ØKONOMI

STAB OG STØTTE	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til å dekke avskriv	12 466	12 466	0	92 953	92 953	0
Øyremerka tilskot "Raskare tilbake"	33	28	6	366	227	139
Andre øyremerka tilskot	3 444	3 418	26	9 493	13 246	-3 753
Andre driftsinntekter	4 504	3 565	938	55 133	52 641	2 492
Sum driftsinntekter	20 447	19 477	969	157 946	159 068	-1 122
Kjøp av offentlege helsetenester	-101	70	-171	247	627	-381
Kjøp av private helsetenester		3	-3		29	-29
Varekostnader	2 174	1 838	336	17 435	16 602	833
Løn til fast tilsette	15 586	15 961	-375	123 783	125 205	-1 422
Overtid og ekstrahjelp	275	327	-52	2 226	2 581	-354
Pensjonskostnad	4 429	4 411	17	39 300	39 282	17
Offentlege tilskot og refusjonar	-640	-426	-215	-6 239	-3 830	-2 410
Anna løn	2 885	2 762	123	19 667	20 529	-862
Andre driftskostnader	35 710	35 209	501	288 451	291 360	-2 909
Sum driftskostnader	60 317	60 156	161	484 869	492 385	-7 516
Driftsresultat	-39 870	-40 679	809	-326 923	-333 317	6 394
Finanskostnader	1	-	1	11	-	11
Finansresultat	-1	-	-1	-11	-	-11
Ordinært resultat	-39 871	-40 679	808	-326 934	-333 317	6 383


Stab og støtte har eit positivt avvik frå budsjett på 808 000 denne månaden. Inntektene er 969 000 høgare enn budsjett, medan kostnadene er 161 000 høgare enn budsjett. Personalkostnader har eit positivt avvik på 500 000, medan kostnader til IKT og pasienttransport var som budsjett denne månaden.

Akkumulert

Akkumulert har stab og støtte eit positivt avvik mot budsjett på 6,4 millionar. Driftsinntektene er 1,1 millionar lågare enn budsjett. Driftskostnadene er 7,5 millionar lågare enn budsjett som skuldast personalkostnader og kostnader til pasienttransport. IKT-kostnad har akkumulert eit negativt avvik på 1,4 millionar.


PERSONELL

Medarbeidarar:



Det er i september registrert 364 brutto månadsverk som er sju fleire enn i same periode i 2015. Netto månadsverk er 336, som er to fleire enn for eitt år sidan. Bemanningssenteret kom i drift no frå 1. september. Av tala som er synt fram her, utgjør tilsette i bemanningssenteret tre brutto og netto månadsverk. Vi arbeider med ei løysing som i statistikken skal føre desse brutto og netto månadsverka til avdelingane der dei faktisk har arbeidd.

Sjukefråvær:



Stab og støtte hadde i august eit registrert sjukefråvær på 5,3 prosent, som er 0,4 prosent lågare enn på same tid i fjor. Vi har over tid hatt stort fokus på viktigeita av systematisk oppfølging av sjukmelde, samt auka kompetanse og tryggleik for leiarane i oppfølgingsarbeidet.